



Vedlikehold og inneklima på skulen i Uskedalen må betrast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vedlikeholdet på skulen i Uskedalen må betrast, slår Miljøretta helsevern i kommunen fast. Dei godkjenner Uskedalen Oppvekstsenter, men på vilkår om utbetringar på fleire punkt.

Kommunelege Oddvar Larsen og ingeniør Knut Evjen peikar mellom anna på at skulen ber preg av dårleg vedlikehold innvendig og utvendig (vegger, listverk, vindaugskarmar, knust vindauge). Golvbelegget er nedslitt og øydelagt fleire stader og dette vanskeleggjer eit hygienisk tilfredsstillande reinhald.

Eit anna viktig punkt er at skulen ikkje oppfyller krav til tilfredsstillande inneklima. Det manglar ventilasjonsanlegg i den gamle delen. Tekniske tenester i kommunen gjennomførte i fjor målingar som synte at CO₂-innhaldet i inneluft i undervisningsromma for sjuande og femte klasse låg over norma (1000 ppm).

Miljøretta helsevern konstaterer at korkje når det gjeld vedlikehold eller inneklima er avvik som er påpeika etterkomme. Det er derimot søknad om helseverngodkjenning i samband med ombyggjinga av den tidlegare gymnastikksalen til klasserom.

Manglar som vart avdekka under ein inspeksjon i september i fjor skal vera utbetra innan 15. august i år.

Blant dei forhold som vart påpeika i september og som framleis ikkje er utbetra var desse:

- * Kalkutslag på veggane i enkelte rom
- * Eige avsug frå sløydrom for å hindre at støv kjem ut i innelufta.
- * Taklekkasjer på skulen. Tilsynet ønskjer ei tilbakemelding på om det er gjort tiltak for å fjerne eventuelt fuktig materiale.
- * Det manglar solavskjerming.

Av Ola Matti Mathisen